

Kjekt å feriera på Uskedalskulen.

30.03.2016



Emil saman med klassekameratane hans denne veka.

Påskeferien er over for dei fleste, men slik er det ikkje for alle. Med den tidlege påsken i år vart det bestemt at påske- og vinterferien skulle slåast saman for Bergens-elevane. Dermed har dei ferie også denne veka, og 6. klassingen Emil Bringedal Holmsen har valt å feriera på ein heilt spesiell måte. Han hospiterer i 6.klasse på Uskedal skule.



[Karsten og Emil har vore gode kompisar heilt sidan dei var små.](#)

- Det var i juleferien vi snakka med bestemor om at vi skulle ha to veker ferie i strekk i Bergen. Så vart det til at eg sende søknad til Lilli Britt(rektor) om å få vera på skulen her i Uskedalen veka etter påske, og eg fekk skriftleg svar at det var i orden, fortel Emil om bakgrunnen for den litt spesielle ferieringa då eg snakka med han. Då hadde han friminutt etter å ha hatt dei første timane saman med 6.klasse her i bygda. Då eg kontakta han, var han og resten av klassen i full aktivitet med fotball på kunstgrasbanen.

Emil er son til Åse Hjetland Bringedal og Yngve Korsvold Holmsen. Med besteforeldre buande her i bygda, er han godt kjend her. Eg spør derfor om han kjende mange av dei nye klassekameratane frå før.

- Karsten(Bjørnebøle) og eg har vore kompisar sidan vi var små, men han er den einaste eg kjende godt. Og så kjende eg Åsne (H. Arnesen) litt frå før, men no kjenner eg alle i klassen, fortalte han fornøgd, og la til at dermed hadde han alt fått eit godt utbyte av ferien. På skulen hadde han hatt norsk og basseng først på dagen, og så var det klart for matematikk etter pausen. Det var tydeleg at han alt hadde fått god kontakt med 'kontaktlærar' Åse Neset.

Eg spør om han har andre planar enn å delta i skuleaktivitetane i ferieveka.

- Ja, eg skal no vera med på fotballtreningsa med laget på torsdag, fortel Emil som er aktiv både i fotball og handball heime i Bergen. Klubben hans er Gneist, men favorittlaget heiter Brann.

- Men musikk er favoritten, legg han til og fortel at han spelar piano og er elev i Bergen kulturskule. Der er han også valt ut på eit talentprogram etter audition.

- Eg og Karsten(gitar) skal kanskje ha ein liten konsert for klassen seinare i veka, før han kjem på at han også skal vera med på lammainga som er godt i gong i sauehuset til onkelen på Myklebust. Det likar han, og det set ein ekstra spiss på ferien.

Trur kanskje ikkje det var så dumt av bergensarane å slå saman vinterferie og påskeferie. I alle fall ikkje for Emil. Den litt utradisjonelle ferieforma hans er nok kjekk både for Emil og resten av 6.klassingane i Uskedalen som set pris på besøket.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.